



Det er viktig å understreke at risikovurderingane er skjønsmessige, og at vurderingane er baserte på føreliggjande informasjon.

Bokn kommune

Risiko- og vesentlegvurderingar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

November 2020

«Risiko- og vesentlegvurdering for
forvaltningsrevisjon og
eigarskapskontroll»

November 2020

Rapporten er utarbeidd for Bokn
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhald

1.	Innleiing	5
2.	Organisering og nøkkeltal	8
3.	Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområde i forvaltninga	11
4.	Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoar i kommunen sine selskap	22
5.	Eigarskapskontrollar – oversikt over identifiserte risikoområde	30
6.	Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn	31
7.	Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar	32

Detaljert innhaldsliste

1.	Innleiing	5
1.1	Bakgrunn	5
1.2	Forvaltningsrevisjon	5
1.3	Eigarskapskontroll	5
1.4	Forskjell mellom forvaltningsrevisjon i selskap og eigarskapskontroll	6
1.5	Metode og gjennomføring	6
1.6	Lesarrettleiing	7
2.	Organisering og nøkkeltal	8
2.1	Organisering	8
2.2	Finansielle nøkkeltal	8
2.3	Befolkningsutvikling	9
2.4	Kommunen sine eigarskap	9
3.	Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområde i forvaltninga	11
3.1	Sektorovergripande funksjonar/administrasjon	12
3.2	Oppvekst, idrett og kultur	15
3.3	Barnevern og sosiale tenester	17
3.4	Tekniske tenester	18
3.5	Helse og omsorg	19
4.	Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoar i kommunen sine selskap	22
4.1	Selskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10	23
4.2	Selskap som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10	26
4.3	Føretak, samarbeid og foreiningar	29
5.	Eigarskapskontrollar – oversikt over identifiserte risikoområde	30
6.	Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn	31
6.1	Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskaps-/eigarskapskontrollar	31
6.2	Tilsyn	31
7.	Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar	32
7.1	Forvaltningsrevisjon	32
7.2	Eigarskapskontroll	33

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

I samsvar med prosjektplanar vedteke av kontrollutvalet i møte 20.11.2019 i sak 22/11 har Deloitte gjennomført risiko- og vesentlegvurderingar (ROV-vurderingar) av Bokn kommune si verksemd og i selskapa der Bokn kommune har eigarinteresser. Føremålet med ROV-vurderingane har vore å skaffe relevant informasjon om dei delane av verksemda i kommunen og selskapa der kommunen har eigarinteresser, som det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll.

ROV-vurderingane er systematiserte og framstilte i dette analysedokumentet. Dokumentet dannar grunnlag for kontrollutvalet sitt arbeid med planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for 2020-2024. Kontrollutvalet er pålagt å utarbeide slike planar. Planane skal vedtakast av kommunestyret.

I arbeidet med ROV-vurderingane og utarbeidinga av analysedokumentet har det blitt gjennomført møte med kontrollutvalet, dokumentgjennomgang, intervju og spørjeundersøking (sjå seksjon 1.5).

Analysen er av overordna karakter og i stor grad basert på innspel som har kome fram gjennom møte i kontrollutvalet, intervju, spørjeundersøking og gjennomgang av relevant dokumentasjon. Datagrunnlaget er i avgrensa grad verifisert. Datagrunnlaget er i analysedokumentet nytta som indikasjon på risikoforhold som eventuelt bør eller kan følgjast opp/undersøkjast i forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll eller gjennom andre undersøkingar dersom kontrollutvalet og kommunestyret ønskjer dette.

1.2 Forvaltningsrevisjon

I kommunelova § 23-3 går det fram at forvaltningsrevisjon inneber å gjere systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, målnnfriing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Same lov § 23-2 bokstav c), pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd og av selskap som kommunen har eigarinteresser i.

Kommunelova § 23-3 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for forvaltningsrevisjon:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner.

Det er vidare eit krav at plan om forvaltningsrevisjon skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering (ROV-vurdering):

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper.

Føremålet med ROV-vurderinga er å skaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen og i selskapa der kommunen har eigarinteresser, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å leggje ein plan for forvaltningsrevisjon og å prioritere mellom ulike område og ulike selskap der det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon.

Det er kommunestyret som vedtek plan for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

1.3 Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll er ei oppgåve som er lagt til kontrollutvalet etter kommunelova § 23-2 bokstav d), og er nærare skildra i kommunelova § 23-4. Der går det fram at eigarskapskontroll inneber å kontrollere om forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser blir skjøtta i samsvar med regelverk, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Kommunelova § 23-4 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for eigarskapskontroll:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres.

Som med plan for forvaltningsrevisjon, skal også plan for eigarskapskontroll vere basert på ei ROV-vurdering:

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap.

Føremålet med ROV-vurderinga er å skaffe relevant informasjon om kor det er størst behov for eigarskapskontroll, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å leggje ein plan for eigarskapskontroll og å prioritere kva eigarskapskontrollar det kan vere aktuelt å gjennomføre.

Det er kommunestyret som vedtek plan for eigarskapskontroll. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

1.4 Forskjell mellom forvaltningsrevisjon i selskap og eigarskapskontroll

Ny kommunelov skil mellom forvaltningsrevisjon av selskap som inngår i ordinær forvaltningsrevisjon, og eigarskapskontroll. Fokuset i ein **eigarskapskontroll** er på korleis kommunen forvaltar eigarskapa sine, anten enkeltvis eller som portefølje. Kriteria vi legg til grunn er mellom anna regelverk knytt til ulike typar selskap (til dømes kommunelov, aksjelov, lov om interkommunale selskap), KS sine retningslinjer for kommunal eigarstyring, kommunale eigarskapsmeldingar/eigarstrategiar og andre mål, vedtak og retningslinjer. Fokuset i ein **forvaltningsrevisjon av selskap** er på sjølve selskapet, og vil t.d. omhandle om selskapet driv i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, og om det driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.

1.5 Metode og gjennomføring

I prosessen med ROV-vurderingar har vi nytta ein metodikk med høg grad av involvering, både av kontrollutvalet og av sentrale aktørar i administrasjonen og i kommunestyret. Ei slik tilnærming har bidrege til at vi har avdekka kva forvaltningsområde, tenesteområde, selskap og eigarskap det er knytt størst risiko til. I tillegg har høg grad av involvering bidrege til å forankre planarbeidet og gjere det kjent både i kommunestyret og i administrasjonen. Dette vil skape eit godt grunnlag for gjennomføring av prosjekta som blir prioritert i planane.

1.5.1 Prosessmøte 1 med kontrollutvalet

I det første prosessmøtet fekk kontrollutvalet høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor kommunen sine ansvarsområde og knytt til drifta i selskapa der kommunen har eigarinteresser, basert på eiga erfaring frå arbeidet i kontrollutvalet.

1.5.2 Dokumentanalyse

Dokumentanalysen tok utgangspunkt i planar, meldingar og rapportar frå kommunen. Vi har òg undersøkt kva tilsyn som er gjennomført og eventuelt planlagt i kommunen. Desse har samla gitt eit oversyn over kommunen sine mål og strategiar, samt bidrege til å avdekkje område med risiko eller behov for forbetring.

1.5.3 Analyse av statistikk

Vi har gjennomgått KOSTRA-tal, tal frå kommunebarometeret og anna relevant statistikk som ligg føre for å undersøke om det er område der kommunen skil seg frå kommunar det er relevant å samanlikne seg med. Samanlikningane kan gje indikasjonar på risikoområde som det kan vere relevant å undersøke nærare.

1.5.4 Intervju

Vi har gjort intervju med både politiske og administrative leiarar i kommunen. Vi har intervjuja rådmann, kommunalsjef for helse, pleie og omsorg, kommunalsjef for oppvekst og kultur, varaordførar og ordførar. Intervjua er gjennomførte per telefon eller videointervju (Teams).

1.5.5 Elektronisk spørjeundersøking

Administrative leiarar og heile kommunestyret har vore involvde i ROV-vurderingane gjennom ei undersøking i Questback (elektronisk spørjeundersøkingsverktøy). I spørjeundersøkinga blei desse bedne om å peike på potensielle risikoar innanfor det tenesteområdet dei har ansvar for eller kjenner til, samt risikoområde knytt

til selskap kommunen eig. Spørjeundersøkinga blei sendt ut i juni 2020. 10 personar valte å svare, noko som utgjør ein svarprosent på 34%.¹

1.5.6 Gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase

Deloitte har nytta Bisnode SmartCheck for å få tilgang til rekneskapsopplysningar og informasjon om eigarskap og eigarskapsstruktur. Denne informasjonen er nytta både for å få oversyn over alle aktuelle selskap som skal omfattast av ROV-vurderingane, og for å avdekkje eventuelle risikoar gjennom dei føreliggjande finansielle nøkkeltala.²

1.5.7 Prosessmøte 2 med kontrollutvalet

I dette møtet legg revisjonen fram ROV-vurderingane (dette dokumentet) med dei risikovurderingane som er gjennomførte for kontrollutvalet. ROV-vurderingane og forslag til prosjekt vil i dette møtet bli lagt til grunn når kontrollutvalet skal prioritere område eller prosjekt for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for dei neste fire åra.

1.5.8 Vedtak av plandokument

Basert på dei prioriteringane som kontrollutvalet gjer i prosessmøte 2, vil det bli utarbeidd eit plandokument. Dette dokumentet blir vedtatt av kontrollutvalet før det blir sendt vidare til kommunestyret for endeleg vedtak.

1.6 Lesarrettleiing

Innspela som er samla inn i samband med den ROV-vurderinga er systematiserte og framstilte i dette dokumentet. Dokumentet er meint som eit grunnlag for kontrollutvalet for å velje ut og prioritere forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar.

I kapittel 2 gir vi ei kort oversikt over organiseringa av og nøkkeltala for kommunen.

Kapittel 3 og 4 omhandlar forvaltningsrevisjon. Her presenterer vi oversikt over identifiserte risikoområde innan dei ulike verksemdsområda og eigarskapa til kommunen som er eit resultat av undersøkinga vi har gjort i samband med analysearbeidet. Risikovurderingane og forslag til prosjekt er basert på ein overordna gjennomgang av kommunen sine tenesteområde og dei selskap kommunen har eigarskap i.

I kapittel 5 presenterer vi dei risikovurderingane vi har gjort for kommunen når det gjeld eigarskapskontroll.

Kapittel 6 inneheld oversikt over tidlegare gjennomførte og pågåande forvaltningsrevisjonar, selskapskontrollar, eigarskapskontrollar, samt oversikt over gjennomførte og planlagde tilsyn.

I kapittel 7 viser vi forslaga våre til moglege forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar basert på dei risikovurderingane som er gjennomførte. Forslaga til prosjekt er ikkje presentert i prioritert rekkefølge. Prioritering og val av prosjekt skal kontrollutvalet gjere. Kontrollutvalet står også fritt til å leggje til og/eller ta bort prosjekt i lista som her er presentert. Endeleg prioritering av prosjekt blir framstilt i plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 og plan for eigarskapskontroll 2020-2024, som skal leggjast fram for kommunestyret.

¹ Dei som fekk tilsendt spørjeundersøkinga fekk to påminningar om å svare.


² Ikkje alle interkommunale selskap (IKS) er underlagt innleveringsplikt til Brønnøysundregisteret. Det førekjem også at slike selskap ikkje leverer årsrekneskap til Brønnøysundregisteret. I desse tilfella har ikkje revisjonen tilgang på nøkkeltal. Slike manglande data vil bli opplyst om der det er relevant.

2. Organisering og nøkkeltal

2.1 Organisering

Leiinga i Bokn kommune består av rådmann og tre kommunalsjefar: kommunalsjef administrasjon, kommunalsjef oppvekst, idrett og kultur og kommunalsjef og kommunalsjef for helse og omsorg. Organiseringa er ny per mars. 2020. Bokn kommune har samarbeidsavtale med Karmøy om tekniske tenester, barnevern og NAV. I Bokn er desse tenesteområda/interkommunale samarbeida underlagt rådmann.

Figur 1: Organisasjonskart



2.2 Finansielle nøkkeltal

Netto driftsresultat er ein hovudindikator for økonomisk balanse i kommunesektoren, jf. berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU). Netto driftsresultat viser kor mykje som kan disponerast til avsetningar og investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. TBU tilrår at netto driftsresultat for kommunane er på 1,75 %.

Netto driftsresultat i Bokn kommune var på om lag 8,8 millionar i 2018 og 7,8³ millionar i 2019. Dette tilsvarar høvesvis 8,4 % og 6,8 % driftsresultatet, altså godt over det tilrådde nivået frå TBU. I budsjettet for 2020 kjem det fram at tilskot frå Havbruksfondet (5,9 millionar i 2018 og 5,64 millionar i 2019) har bidratt mykje til gode resultat dei siste åra. Det forventast at tilskota frå Havbruksfondet blir lågare dei neste åra. Det blir også peika på at det nye inntektssystemet som blei innført i 2017 har ført til lågare inntekter, og at dette vil fortsette ut økonomiplanperioden.

For 2020 er det budsjettert med eit netto driftsresultat på om lag 2 millionar. Målet for økonomiplanen 2020-2023 er å ha eit driftsresultat på minst 1,75 % av driftsinntektene, altså det same som eller høgare enn det tilrådde nivået frå TBU.

Ifølgje årsmeldinga for 2019 hadde Bokn kommune eit **disposisjonsfond** på om lag 19 millionar i 2018 og 24,6 millionar i 2019. Det kjem fram i budsjettet for 2020 at Bokn har eit mål om å ha eit disposisjonsfond (+ mindreforbruk i prosent av driftsinntektene) på over 10 % i økonomiplanperioden. Vidare blir det peika på at kommunen har høg gjeld og har som mål å redusere gjeldsgraden. Per 2018 var gjeldsgraden på 118,5 %, og målet i økonomiplanen 2020-2023 er under 80 %. Riksrevisjonen sin anbefaling er at langsiktig lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter ikkje overskrid 75 %.

³ Det blei budsjettert med eit negativt driftsresultat på om lag -270 000 kroner i 2019.

Tabellen under viser **løyvingar til dei ulike tenesteområda** i Bokn kommune i 2018, 2019 og 2020.

Tabell 1: Løyvingar til ulike tenesteområde (i heile tusen)

Tenesteområde ⁴	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Rekneskap 2019	Budsjett 2020
Sentraladministrasjon	12 297	16 591	11 938	18 862
Kultur, skule og barnehage	27 059	25 823	27 322	26 088
Helse, pleie og omsorg	23 728	25 348	29 526	28 855
Sosial og barnevern	2 469	2 284	2 812	2 295
Teknisk	4 631	3 973	4 206	-32
Sum fordelt totalt til drift	70 185	7 4020	75 806	76 070

Tabell 1 viser at tenesteområdet kultur, skule og barnehage var den største posten i rekneskapen for 2018 og i budsjettet for 2019. I rekneskapen for 2019 og i budsjettet for 2020 har tenesteområde helse, pleie og omsorg blir den største utgiftsposten i kommunen. Tabell 1 viser og at driftsbudsjettet til sentraladministrasjonen har auka mellom 2018 og 2019. Sosial og barnevern held seg jamt på same nivå, medan teknisk i 2020 er budsjettert med å gå i overskot.

2.3 Befolkningsutvikling

Befolkningsutviklinga i kommunen er relevant å omtale av fleire årsaker. For det første er innbyggjartilskot ein del av inntektssystemet til kommunane. Vidare må dei kommunale tenestene tilpassast demografiske endringar.

Innbyggjartilskotet er i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp per innbyggjar (talet på innbyggjarar per 1. juli) til alle kommunane. Deretter skjer det ei omfordeling på bakgrunn av fleire faktorar.⁵ For 2020 er innbyggjartilskotet før omfordeling 25 083 kroner per innbyggjar.

Det kjem fram i årsmeldinga for 2020 at Bokn har hatt synkende innbyggjartal i fleire år, men at kommunen opplevde ein auke frå 840 til 852 innbyggjarar i 2019. I årsmeldinga blir det peika på at det er fleire grunnar til å tru at folketalet i Bokn kan auke dei neste åra, mellom anna som følgje av utbygging av Hordfast, Rogfast og utviklinga av dei store næringsområda på Haugalandet. Befolkningsprognosen som kjem fram i budsjettet for 2020 viser at det er forventa ei auke blant eldre over 67, medan dei forventar at dei yngre aldersgruppene skal halde seg stabile eller minke fram mot 2040.

2.4 Kommunen sine eigarskap

Bokn kommune har eigarinteresser i åtte selskap saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar, og i fem selskap med innslag av private eller statlege aktørar på eigarsida. Kommunen sine eigarskap vil bli nærare omtalt i kapittel 4. Eigarskapa går fram i tabellen under:

⁵ Størsteparten av kommunane sine rammetilskot blir fordelt med utgangspunkt med eit likt beløp per innbyggjar. Utgiftsutjamninga skjer ved hjelp av ein kostnadsnøkkel som sørgjer for at denne delen av rammetilskotet blir fordelt frå kommunar som er rimelegare å drive enn landsgjennomsnittet, til kommunar som er dyrare å drive enn landsgjennomsnittet. Kostnadsnøkkelens består av ei rekke kriterium, mellom anna talet på barn i skulepliktig alder, talet på eldre, reiseavstand i kommunen mv.

Tabell 2: Bokn kommune sine eigarskap

Selskap	Bransje	Selskapsform	Eigardel
Bokn tomteselskap	Eigedom	AS	47,61 %
Haugaland vekst IKS	Nærings- og utviklingssamarbeid	IKS	9,09 %
Haugalandsmuseet AS	Kulturhistorisk museum	AS	4 %
Karmsund Havn IKS	Drift av havne- og kaianlegg	IKS	3,85 %
Musikkselskapet Nordvegen AS	Musikk og konsertverksemd	AS	2,67 %
Haugaland næringspark AS	Eigedom	AS	2,1 %
Haugaland interkommunale miljøverk IKS	Innsamling av ikkje-farleg avfall	IKS	1,7 %
Haugaland brann og redning IKS	Brannvern	IKS	1,1 %
Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS	Sekretariatstenester	IKS	0,75 %
Krisesenter vest IKS	Omsorgsinstitusjon	IKS	0,49 %
Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS	Drift av arkiver	IKS	0,2
Destinasjon Haugesund & Haugalandet AS	Reiseliv	AS	0,1 %
Haukelivegen AS (E-134)	Interesseorganisasjon som arbeider for utbygging og heving av standard av E134 Haukelivegen.	AS	10 aksjar



Kommunale føretak og vertskommunesamarbeid er omfatta av ordinær forvaltningsrevisjon, og er derfor omfatta av ROV-vurderingane knytt til dette. Stiftingar og foreiningar er ikkje omfatta av regelverket om eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon av selskap, og er difor ikkje omtala i denne delen av ROV-vurderinga. Både kommunale føretak, vertskommunesamarbeid, stiftingar og foreiningar er lista opp i seksjon 4.3, og eventuelt drøfta i ROV-vurderinga om dette er vurdert som relevant.

3. Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområde i forvaltninga

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon, vil vi i dette kapitlet vurdere risiko for manglande målinnfriing, regeletterleving, vedtaksoppfølging og internkontroll som er identifisert innan dei verksemdsområda som er gjennomgått i Bokn kommune.

Overskriftene i kapittel 3.1-3.5 viser risiko for ulike ansvarsområde i Bokn kommune.

Risikonivå er i tabellane farga med raudt som representerer høg risiko eller gult som representerer middels risiko:

Fargesymbol	Skildring av risikovurdering
	Høg risiko På område som er merka med raudt meiner Deloitte, på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere høg risiko for anten manglande produktivitet, målinnfriing, regeletterleving eller effektivitet.
	Middels risiko På område som er merka med gult meiner Deloitte, på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere middels risiko for anten manglande produktivitet, målinnfriing, regeletterleving eller effektivitet.

I tabellane under vil vi under kvar sektor omtale utvalde område og tema. Dette er område og tema som blir framheva i dei data som revisjonen har analysert. Det betyr at område der det ikkje eksplisitt er identifisert risiko ikkje er omtala.

Det blir kommentert dersom det er planlagt tilsyn eller gjennomført forvaltningsrevisjonar eller tilsyn dei siste åra innanfor dei områda og temaa som er omtala.

Under kvart område identifiserer vi dei hovudtema analysen viser at det er knytt risiko til. Dette vil vere naturlege moment som takast med i ein eventuell forvaltningsrevisjon.




Det er viktig å understreke at risikovurderingane er skjønsmessige, og at vurderingane er baserte på tilgjengeleg informasjon. Kontrollutvalet kan vurdere risikoen knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er føreslått her. Det er derfor kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere rekkefølga for forvaltningsrevisjonsprosjekt i dei planane som blir lagt fram for kommunestyret.

Vi vil ta atterhald om at ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert av leiinga i kommunen.

3.1 Sektorovergripande funksjonar/administrasjon

Bokn kommune har ein kommunalsjef for administrasjon. Tenesteområde omfattar mellom anna økonomi, personale, IT, innkjøp, beredskapsarbeid og servicetorg. Det kjem fram i årsmeldinga 2019 at rådmannen har ansvar for mellom anna interkommunale samarbeid, NAV, barnevern, næringsarbeid, beredskap og overordna styring og kontroll.

Tabell 3: Identifiserte risikoområde knytt til sektorovergripande funksjonar

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Sjukefråværsoppfølging og IA-arbeid <ul style="list-style-type: none"> Kostnader Sikre kapasitet og kompetanse 	<p>I årsmeldinga for 2019 kjem det fram at sjukefråværet i 2017 var på 5,6 % og auka til 6,8 % i 2019. Sjukefråværet varierer i dei forskjellige avdelingane. Helse, pleie og omsorg har det høgaste sjukefråværet i kommunen med 7,7 % i 2018 og 8,6 % i 2019. Oppvekstområde hadde eit sjukefråvær på 5 % i 2018 og 6,2 % i 2019.</p> <p>I spørjeundersøkinga blir det peika på at administrasjonen ikkje følgjer opp eigne oppsette mål knytt til sjukefråvær og i intervju blir det stilt spørsmål ved om personell med alvorlege sjukdommar og skader mottok tilstrekkeleg og riktig oppfølging når dei er sjukemeldt.</p> <p>I spørjeundersøkinga blir det også peika på at IA oppfølging og HMS-utval på arbeidsplassar har uteblitt. Det blir vidare peika på at IA-området med fokus på sjukemeldingar og oppfølging av desse kan vere relevant område for forvaltningsrevisjon.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for mangelfull oppfølging av sjukemeldte Risiko for ikkje tilstrekkeleg systematisk arbeid for å førebygge sjukefråvær 	
Internkontroll <ul style="list-style-type: none"> Mål Rutinar Informasjonsflyt 	<p>Det blir peika på i spørjeundersøkinga at det er risiko for manglande internkontroll i kommunen.</p> <p>Det kjem også fram i intervju at det i liten grad er etablert rutinar i kommunen og at det derfor er utfordrande å komme inn i kommunen som nyttilsett. Frå rådmann blir det peika på at internkontroll er eit område som bør jobbast med i Bokn. Det blir vidare vist til at det i tillegg er det etterslep på planarbeid og fleire av dei intervjua peikar på at det må jobbast med resultatmål i dei forskjellige sektorane.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Mangelfull styring som følgje av etterslep på planarbeid og ikkje tilstrekkeleg arbeid knytt til resultatmål Mangel på rutinar gir risiko for feil Risiko for svikt og manglar ved fråvær 	
Sakshandsaming og vedtaksoppfølging <ul style="list-style-type: none"> Fristetterleving Framdriftsplanar 	<p>Det går fram av budsjettet for 2020 at servicetorget gjekk over til elektronisk sakshandsaming 1. januar 2018, og at dei må gjennomgå rutinar, arkivplan og arbeide med opplæring av sakshandsamarar. I intervju blir det opplyst at det har vore etterlyst at kommunen set fristar og lagar framdriftsplanar, dette gjeld også på teknisk avdeling.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Sårbar i høve til tilgang til sentrale system gir risiko for svikt og manglar ved fråvær 	

I spørjeundersøkinga blir det frå politisk hald peika på at saksførebuing tek for mykje tid og at det er uklare ansvarsforhold i prosjekt. Vidare kjem det fram at politiske vedtak ikkje blir fylgt og at rapporteringa er mangelfull.

Digitalisering

- Opplæring
- Høge kostnader

Det går fram av årsmeldinga for 2019 at digitalisering har vore utfordrande både når det gjeld kompetanse og kapasitet.

I budsjettet for 2020 blir det peika på at integrasjonar mellom system i kommunen, oppgradering av system og IT-sikkerheit er eit prioritert område i kommunen. Satsinga medfører også høge kostnader. I undersøkinga blir det peika på at det er ei utfordring er at det ofte er utfordrande og kostnadsfullt å kjøpe nye datasystem som følgje av at leverandørane tilbyr pakker, men det er ofte få tilsette i kommunane som gjer at lisensane blir dyre per hovud.

Vidare kjem det fram at det blir gjennomført lite og for dårleg opplæring på nettbaserte løysningar. I intervju blir det òg peika på at det er utfordringar i sentraladministrasjonen knytt til å få systemtilgangar fordi det i fleire tilfelle berre er ein person med superbrukartilgang, noko som gjer kommunen sårbar ved sjukdom.

I årsmeldinga for 2018 blir det peika på at det er utfordringar knytt til dataeiningar, til dømes smarttelefonar og nettbrett, som blir brukt i både privat og jobbsamanheng.

- Risiko for forseinka iverksetting på grunn av høge kostnader ved å vere ein liten kommune



Informasjonstryggleik

- Personvern

Det nye personvernsreglementet som tredde i kraft i 2018 stiller strengare krav til informasjonstryggleiken i kommunen enn kva som tidlegare var tilfelle, noko som medfører auka regulatorisk risiko.

I spørjeundersøkinga blir det peika på at nettsidene til kommunen ikkje er tilstrekkeleg oppdaterte. I tillegg er informasjonsflyt frå administrasjonen for dårleg internt i organisasjonen.

- Risiko for regelbrot og ikkje tilfredsstillande system



Arkiv

- Regeletterleving

Bokn kommune har ein samarbeidsavtale med Karmøy om lovmessig handsaming, oppbevaring og arkivering.

I spørjeundersøkinga kjem det fram at det manglar rutinar med omsyn til arkivoppgåver som følgje av at kommunane på Haugalandet i fellesskap arbeider med å rulle ut nye rutinar på Haugalandet. Bokn vil arbeide med eigen arkivplan fyrst når dette er ferdig stilt i løpet av hausten/vinteren 2020/2021. Vidare kjem det fram at ressursituasjonen er årsaka til at det ikkje er system og rutinar på arkivet og at det har samle seg opp arbeid knytt til arkivet.

- Risiko for ikkje tilfredsstillande arkivering
- Risiko for regelbrot




Innkjøp	Regelverket for offentlege anskaffingar er komplekst og stiller strenge krav til innkjøparar. Det er slik ein ibuande regulatorisk risiko på området.	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for regelbrot og brot på rammeavtalar 	
<ul style="list-style-type: none"> Regeletterleving Internkontroll 	Bokn er med i eit innkjøpssamarbeid med fleire andre kommunar på Haugalandet. Haugesund og Karmøy har saksbehandlarfunksjon som omfattar arbeid med grenseverdiar og utlysing av anbod.		
Investeringar	Det blir peika på i intervju at kommunen har utnemnt ei politisk styringsgruppe som skal følgje opp bygging av skule, men at kommunen har «køyrd på» utan at gruppa blir involvert. Generelt sett er manglande rapportering ei utfordring på fleire prosjekt (skule, sjukeheim, vassleidning).	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for mangelfull styring og involvering Risiko for at feil og at til dømes overskridingar ikkje blir avdekka 	
<ul style="list-style-type: none"> Styring Involvering Rapportering 			
Økonomistyring og budsjettering	I intervju blir det opplyst at kommunen er avhengig at ytre faktorar som dømes utbetalingar frå Havbruksfondet eller skatteinngang for å gå med overskot.	<ul style="list-style-type: none"> Sårbar kommuneøkonomi Risiko for store reduksjonar i inntekter som kommunen ikkje er budd på Risiko for mangelfull styring og politisk avklaring som følgje av for låg grad av rapportering 	
<ul style="list-style-type: none"> Styring Involvering Rapportering 	Det kjem det fram i intervju at det har vore høgt arbeidspress i økonomiavdelinga i fleire år. Vidare kjem det fram i intervju at det er ønskjeleg med fleire økonomioppdateringar på budsjett i løpet av eit år og statusrapporteringar på vedtekne prosjekt.		
	Frå politisk hald blir det peika på at kompetansen innan HR og økonomi er mangelfull.		
Beredskap	Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Bokn i 2018. I årsmeldinga for 2019 kjem det fram at avvika blei lukka i 2019 ved å revidere overordna ROS, beredskapsplan og samfunnsplanen til kommuneplanen.	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for mangelfull beredskap 	
<ul style="list-style-type: none"> Risikovurderingar Planar 	I årsmeldinga for 2019 kjem det fram at det blei tilsett felles beredskapskoordinator med Karmøy hausten 2019.		
Berekraft, klima og miljø	I budsjettet for 2020 blir det opplyst at klima og miljø-politikk vil vere viktig å ha fokus på i tida framover. Det blir peika på at det er viktig at det blir lagt opp til berekraftige løysningar, og at dette blir tatt omsyn til når kommunen gjer utbyggingar. I planstrategien for 2019-2023 og i samfunnsdelen av kommuneplanen frå 2019 blir det mellom anna peika på at dei globale klimautfordringane kan ha konsekvensar for overvannsproblematikk lokalt. Det går vidare fram at det blir starta opp arbeid med å revidere energi- og klimaplanen i 2019.	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for at berekraft, klima og miljø ikkje får tilstrekkeleg merksemd i styringa av kommunen 	
<ul style="list-style-type: none"> Risikovurderingar Førebygging Berekraft 			

3.2 Oppvekst, idrett og kultur

Bokn kommune har ein skule og ein barnehage. Skulen har SFO og skulehelseteneste. Bokn kjøpar PP-tenester frå Karmøy kommune. Bokn kommune kjøper tenester frå Breidablikk læringscenter i Haugesund, og dei elevane som har rett til opplæring i norsk får dette der. Innan kulturområdet har kommunen mellom anna musikk- og kulturskule, barne- og ungdomsklubb og bibliotek.

Tabell 4: Identifiserte risikoområde knytt til oppvekstområdet

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Kvalitet i grunnskulen <ul style="list-style-type: none"> Resultat og skulebidrag leseferdigheit Stabil skuleleiing Digital kompetanse 	<p>Det blir opplyst at oppvekst og kultur også omfatta helse og omsorg fram til omorganiseringa 1. mars 2020, desse blei då skilt ut i to avdelingar. I intervju kjem det fram at avdelinga var for stor tidlegare, og at det har vore etterslep på planarbeid.</p> <p>Det blir opplyst i intervju at det ikkje er sett særleg med resultatmål innan oppvekst, noko dei tenker å gjere innanfor sektoren. Det blir elles opplyst at det må jobbast med å få stabilitet i skuleleiinga og få betre resultat i skulen.</p> <p>Skulebidragsindikatoren til UDIR⁶ viser at elevane frå 1.-4. klasse i Bokn låg under landsgjennomsnittet i skulebidrag⁷ i 2018/2019. På mellomtrinnet låg elevane i Bokn over landsgjennomsnittet i skulebidrag i 2018/2019, mens elevane på ungdomstrinnet ligg om lag på landsgjennomsnittet i 2018/2019.</p> <p>I årsmeldinga for 2019 går det fram at undersøkingar frå Bokn skule viser at dei må jobbe med å forbetre leseferdigheitane til elevane, og det skal vere ferdig ein leseplan i løpet av 2020.</p> <p>I intervju blir det opplyst at ein i kommunen skal arbeide med å komme endå tidlegare i gang med tidleg innsats. Tal frå Kostra viser at delen elever som mottek spesialundervisning på grunnskolen i Bokn auka frå 4,5 til 7,4 % mellom 2017 og 2019. Dette er ein lågare del elles i Norge (utanom Oslo) kor delen elever som mottek spesialundervisning har blir på om lag</p>	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for mangelfull styring og leiing Risiko for ikkje tilstrekkeleg gode resultat Risiko for mangelfull digital kompetanse mellom anna i samband med overgang til ny læreplan Risiko for ikkje tilstrekkeleg samarbeid mellom rektor, lærarar og klassekontaktar. 	

⁶ Skulebidrag indikerer kor mykje skulen har bidratt til elevane si læring i dei grunnleggande faga som blir testa på nasjonale prøvar på 5. trinn, 8. 10. trinn og 10. trinn samanlikna med bidraget til elevar med tilsvarande elevbakgrunn på landsnivå.

⁷ Tala er henta frå skoleporten.udir.no

7,9 % dei siste tre åra, og lågare enn kostragruppa kor i overkant av 9 % har motteke spesialundervisning dei siste tre åra.

I budsjettet for 2020 blir det peika på at skulen innfører ny læreplan frå hausten 2020. Dette medfører risiko på alle nivå i skulen. Det blir også opplyst at Bokn erfarer ein nedgang i elevar som er forventa å fortsette dei neste 15 åra. I tillegg kjem det fram at alle elevane fekk iPad i 2018, og at elevar og lærarar fekk ekstern rettleiing i bruk av iPad same året. Overgangen til iPad blir viktig spesielt i samband med ny læreplan frå 2020, men inneheld også risikomoment sidan det krev digital kompetanse hos lærarar.

I spørjeundersøkinga blir det peika på at samarbeidet mellom lærarar , rektor og klassekontakt må bli betre.

Trygt og godt skulemiljø

- § 9A i opplæringslova
- Tilsyn frå fylkesmannen pågår

I intervju blir det opplyst at oppfølging av § 9 A i opplæringslova som gjeld elevane sitt skulemiljø, er eit viktig fokusområde i kommunen. Vidare kjem det fram i intervju at det er opna tilsyn frå fylkesmannen knytt til § 9A.

- Risiko for regelbrot
- Risiko for at mobbing ikkje blir følgt opp og tatt tak i

I intervju blir det opplyst at fylkesmannen skal følgje opp dårlege resultat og dårlege mobbetal i Bokn dei neste åra. Skoleporten har ikkje publisert mobbetal for Bokn kommune.



Kvalitet i barnehagen

- Bemanning

I budsjettet 2020 kjem det fram at Bokn har gått gjennom ein prosess for å redusere overbemanning i høve til normkrava når det gjeld bemanning i barnehagen. Vidare kjem det fram i årsmeldinga for 2019 at frå hausten 2019 har det vore ein auke i born som har behov for spesialpedagogisk tiltak, og barnehagen har styrka bemanninga med eit årsverk som svar på dette. Kostratal viser at del barn i kommunale barnehagar som får spesialpedagogisk hjelp er på 11,1 % i Bokn mot eit gjennomsnitt på 3,7 % i Kostragruppa og 3,9% i landet utanom Oslo (gjennomsnitt).



Kultur

- Fritidsklubb
- Ungdomshus

I årsmeldinga 2018 blir det opplyst at fritidsklubben Petra er drive av 9. klasseforeldre etter at kommunen valde å leggje ned barne- og ungdomsarbeidarstillinga. Det går vidare fram at det er behov for vedlikehald på ungdomshuset på Håland.



I spørjeundersøkinga blir det peika på frå politisk hald at kulturområdet har behov for betre leiing, meir planlegging og styrka kompetanse.



3.3 Barnevern og sosiale tenester

I årsmeldinga for 2019 kjem det fram at rådmann har ansvar for barnevern og NAV. Bokn kommune kjøper barnevernteneste av Karmøy kommune tilsvarende eitt årsverk. Dette dekkjer utgifter til rettleiing til foreldre og saksbehandling av barnevernssaker. Førebyggjande arbeid ligg ikkje i avtalen med Karmøy, noko kommunen løyser gjennom det tverrfaglege teamet for barn og unge. Bokn deler NAV-kontor med Karmøy, og NAV-kontoret er lokalisert i Karmøy.




Tabell 5: Identifiserte risikoområde knytt til oppvekstområdet

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Barnevern <ul style="list-style-type: none"> Auke i saker med hjelpetiltak 	<p>Det blir opplyst i budsjettet for 2020 at barnevernstenesta har hatt ein auke i saker kor barnevernstenesta har gått inn i familiar med førebyggjande hjelpetiltak. Som følge av høgt kompleksitetsnivå på sakene må kommunen ofte kjøpe spesialkompetanse, noko som i følge budsjettet for 2020 kostar mykje.</p> <p>Avtalen med Karmøy inkluderer ikkje generelt førebyggjande arbeid, og Bokn løyser dette gjennom det tverrfaglege teamet for barn og unge.</p> <p>I årsmeldinga for 2019 kjem det fram at fylkesmannen i 2019 gjennomførte eit felles tilsyn i det interkommunale barnevernet. Statens helsetilsyn har bestemt at det i 2020 skal gjennomførast eit landsomfattande tilsyn med barnevernet sitt arbeid med undersøkingar og har meldt om dette til barnevernet i Karmøy. Det ligg foreløpig ikkje rapport frå tilsynet og revisjonen kjenner ikkje til om tilsynet er forseinka som følge av Covid- 19.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for at kommunen ikkje lukkast med tidleg førebygging omkring sårbare barn Risiko for auka kostnader 	
Sosiale tenester i NAV <ul style="list-style-type: none"> Auke i talet på mottakarar 	<p>Det går fram av budsjettdokumentet for 2020 at Bokn deler NAV-kontor med Karmøy, og NAV-kontoret er lokalisert i Karmøy. Mottakarar av NAV-tenestene i Bokn må reise til Kopervik dersom det ikkje kan løysast elektronisk.</p> <p>Det blir også opplyst at NAV-kontoret har opplevd ein auke i personar som er avhengig av økonomisk sosialhjelp. Kostra har ikkje tal for personar som mottok sosialhjelp i 2019, men i 2018 var dette 10 personar og i 2017 20 personar. Grappa har ofte samansette problem, som kan omfatta mellom anna psykiatri, rusmisbruk, gjeldsproblematikk og liknande.</p> <p>Det blir opplyst i spørjeundersøkinga at flyttinga av NAV-kontoret frå Bokn har bidrege til mindre tilgang og innsyn i NAV sine vurderingar og prioriteringar. Avstanden til NAV-kontoret, meir bruk av digitale tenester og manglande dropp-in har gjort at dei svake gruppene ikkje har tilgangen på NAV som dei treng.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Auka kostnader Risiko for at avstanden til Nav- kontoret er for stor for dei svakaste. 	

3.4 Tekniske tenester

Seksjon teknisk i Bokn er ein driftsavdeling med 4,2 årsverk som er direkte underlagt rådmannen. Oppgåvene til avdelinga i Bokn omfattar utbygging, vedlikehald og drift av kommunale eigeidommar, vassverk, kommunale vegar og leidningsnett for vatn og avlaup. Bokn har inngått avtale om fleire tekniske tenester med Karmøy. Oppgåvene omfattar plan- og byggesaksbehandling, kart og oppmåling, landbrukskontor, skogbrukforvaltning, forureining, viltstell, natur- og miljøvernsaker, matrikkelføring, rørleggarmeldingar og tekniske planar.

Tabell 6: Identifiserte risikoområde knytt til tekniske tenester

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Byggesak og arealplanar <ul style="list-style-type: none"> • Biologisk mangfald • Planutfordringar • Dispensasjonar • Bygging i strandsonen 	<p>Det blir peika på i budsjettet for 2020 at kommunen har blitt konfrontert med at ein ikkje kan dokumentera omsyn til biologisk mangfald i fleire byggesaker. Kommunen har ikkje ei oppdatert viltkartlegging som registrerer det biologiske mangfaldet i kommunen. Avgrensingar i budsjettet gjer at dette ikkje er eit prioritert område.</p> <p>I budsjettet for 2020 kjem det fram at det har vore utfordringar knytt til å fastsetje trase for ny firefelts veg over Bokn, men planarbeidet er starta opp att. I årsmelding for 2019 blir det kommentert at planarbeid tek lengre tid enn før, mellom anna som følgje av krav om konsekvensutgreiing på felt som arkeologi, fauna og flora, trafikkfare, støy og tilhøve til strandsona.</p> <p>Tal frå KOSTRA viser at Bokn handsama 30 byggesaker i 2019. 40% av innvilga saker var dispensasjonssaker og seks av dei innvilga sakene var nybygg i strandsonen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for mangelfunn ivaretaking av biologisk mangfald • Risiko for ikkje oppdatert og forseinkingar i planverk 	
Bokn Arena	<p>Bokn Arena er kommunen sin fleirbrukshall. I intervju kjem det fram at ansvarsdelinga knytt til styringa av drifta av fleirbrukshallen kanskje ikkje er tilstrekkeleg tydeleg. Det blir peika på utfordringar knytt til utleige, dårleg styring og reinhald i private arrangement. I tillegg kjem det fram at det kan vere risiko med omsyn til habilitet og i samband med at politikarar i kommunen har vore involvert i drifta.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for uklare ansvarsforhold og ikkje tilstrekkeleg styring 	
Vedlikehald av kommunale bygg <ul style="list-style-type: none"> • Knappe ressursar • Vedlikehaldsbehov • Kompetanse • Sårbar ved fråvær 	<p>I årsmeldinga frå 2019 kjem det fram at utfordringane på teknisk i hovudsak er knytt til at vedlikehald og opprusting av bygg, vegar og grøntareal. Budsjettet er trangt og etablering av nye bygg fører også med seg auka vedlikehald.</p> <p>I budsjettokumentet frå 2020 kjem det fram at fleire bygg i kommunen har behov for vedlikehald eller oppgradering, blant disse er:</p> <ul style="list-style-type: none"> • 1. etasje og helseavdelingen i Boknatun • Fyringssystem i barnehagen. • Kyrkjebygd aktivitetshus 	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for etterslep på vedlikehald • Sårbar bemanning gir risiko for ikkje tilstrekkeleg tilgang til teknisk 	

-
- Museet

Vidare kjem det fram at avdeling helse og førebygging, som inkluderer legetenesta, helsestasjonstenesta, psykisk helse og fysioterapitenesta, held til i Boknatun, og fleire av lokala i denne delen av Boknatun er ikkje hensiktsmessig utforma for å yte gode tenester til innbyggjarane. Det er ikkje sett av midlar til å pusse opp lokala i budsjettet for 2020.

I spørjeundersøkinga kjem det fram at teknisk er sårbar for sjukemeldingar, vedlikehald kan ta lang tid og krevjar purringar og at det periodevis er vanskeleg å kommunisere med teknisk. Videre blir det peika på frå politisk hald at leiinga er mangelfull og at kompetansen kan styrkast.

Brannvern

- Uavklart økonomi

Det blir opplyst i budsjettdokumentet 2020 at Rådmannen legger opp til at feiartenesta blir driven til sjølvkost, som medfører ein auke i feiaravgifter i 20% frå 2019. Videre blir det peika på at 2019 er fyrste året Haugaland Brann og Redning IKS (HBR) har budsjett og rekneskap for heile verksemda. HBR omfattar 9 kommunar, men Haugesund kommune har valt å seie opp avtalen og tilfører verken mannskap eller utstyr ved oppstart av det nye IKSset. Det har vore usemje mellom Haugesund og dei andre eigarkommunane om Haugesund kommune sitt økonomiske ansvar i oppseiingstida, og om oppseiingstida er på 1 eller 2 år. Dette har økonomiske konsekvensar for kvar enkelte kommune.

- Risiko for uføresett auke i kostnader



3.5 Helse og omsorg




Bokn har ein kommunalsjef for helse og omsorg som har ansvar for legekontor, helsestasjon med skulehelseteneste, jordmor, fysioterapiteneste, psykisk helseteneste, førebyggjande eining, sjukestove og heimetenester.

Førebyggjande tenester som legetenesta, helsestasjon, psykisk helse og fysioterapi held til i Boknatun. Kommunen er med i ei interkommunal legevaktsordning som er drifta av Haugesund kommune. Bokn kjøper også har og kjøpt jordmorteneste av Karmøy kommune.

Tabell 7: Identifiserte risikoområde knytt til helse og sosial

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Pleie og omsorg <ul style="list-style-type: none"> • Overforbruk • Kvalitet • Tryggleik 	<p>I intervju blir det opplyst at pleie og omsorg har overforbruk som i hovudsak skuldast vikarbruk og brukarar med omfattande hjelpebehov.</p> <p>I spørjeundersøkinga blir det peika på at presset på helse og omsorg aukar og at statlege føringar ofte er underfinansierte. I følgje Kostra har Bokn kommune ein høgare del årsverk per brukar av omsorgstenester og del brukarretta årsverk i omsorgstjenesta m/ helseutdanning (prosent) en gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo.</p> <p>I budsjettet for 2020 at budsjettet innanfor helse og omsorg blir redusert med 2 millionar frå 2019 til 2020. Reduksjonen kjem som følgje av at kommunen måtte opprette eit eige tiltak med heildøgnsomsorg i psykiske helseteneste i 2019, dette er endra i 2020 som følgje av endra behov.</p> <p>Vidare kjem det fram at kommunen har tatt i bruk nye digital tryggleiksalarman som føre med seg ei auka kostnad i vedlikehald og drift. Etterspurnaden etter alarmane har også auka, og kommunen vil vurdere tildelingspraksisen og kostnaden for tryggleiksalarmane og andre velferdsteknologiske løysningar.</p> <p>Det kjem også fram av budsjettet at det er utfordrande å prioritere oppgåver og tidsbruk innan psykisk helseteneste, da det berre er to tilsette som deler ei stilling og det ikkje er ettermiddagstilbod.</p> <p>Ei anna utfordring som blir peika på er at det er kort liggetid på sjukehus og fleire eldre over 70 år blir utskrivne frå sjukehus med funksjonssvikt og behov for rehabilitering. Dette stiller krav til variasjon og innhald i tenesta og arbeidsmetodar.</p> <p>Det kjem fram i intervju at tenesteområdet kan bli betre på avviksmeldingar på profil og i kvalitetssystemet. I tillegg har det vore ytra uvisse omkring korleis kommunen kan vite om avvika blir lukka.</p> <p>Eit av dei siste avvika var knytt til at det var få tilsette på vakt som kunne dele ut medisinar (under koronapandemien). Vidare blir det peika på at det har vore gjentakande meldingar om tryggleiksalarman som ikkje fungerer.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for overforbruk • Risiko for ikkje tilstrekkeleg kvalitet i tenesta • Risiko for svikt i tekniske løysningar 	Risiko



	I intervju kjem det også fram at koronapandemien generelt sett har vore utfordrande med blant annet lite smittevernsutstyr og mangel på personale. Samstundes har dei hatt ein god del rutinar klare og lært mykje om handtering av slike kriser gjennom heile perioden.		
Ergoterapeut Etterleving av lovkrav	Det blir opplyst i årsmeldinga for 2019 at etterspurnaden etter ergo- og fysioterapitenesta har auka, men Bokn har fortsett ikkje tilsett ein ergoterapeut. I budsjettet for 2020 kjem det fram at Bokn kommune ikkje har tilstrekkeleg ressursar til å innfri lovkrava om tilsetning av ergoterapeut og kommunepsykolog frå 1.1.2020.	<ul style="list-style-type: none"> • Regelbrot 	
Psykisk helse og rusomsorg <ul style="list-style-type: none"> • Tilbod • Brukarmedvarknad • Rutinar • Etterleving av lovkrav 	<p>I budsjettet 2020 blir det opplyst at det er ein auke i barn og unge som slit med psykiske og sosiale vanskar.</p> <p>I årsmeldinga for 2019 kjem det fram at det er behov for å få til eit meir permanent dagtilbod og egne lokalar til brukarar av psykisk helseteneste.</p> <p>I budsjettet for 2020 kjem det fram at Bokn kommune ikkje har tilstrekkeleg ressursar til å innfri lovkrav om tilsetning av kommunepsykolog frå 1.1.2020.</p> <p>Våren 2019 gjennomførte Deloitte forvaltningsrevisjon av rus- og psykiatritenesta i Bokn kommune. Det kom mellom anna fram at kommunen ikkje tilfredstillar krav til planar og skrivne rutinar, manglande brukarmedvirking, samt ikkje god nok informasjon om tenesta på kommunen sine nettsider.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for mangelfullt tilbod og ikkje tilfredsstillande lokale • Regelbrot 	
Helsestasjon og skulehelseteneste <ul style="list-style-type: none"> • Auke i behov 	Det blir peika på i årsmeldinga for 2019 at behovet for rettleiing frå helsestasjon har vore aukande i kommunen. Nokre familiar har hatt behov for meir rettleiing knytt til barselomsorg, utfordringar knytt til barnets fysiske og psykiske utvikling, kommunikasjon og samspel i familien. Det kjem vidare fram at behovet for helsesjukepleier på skulane også er aukande, og fleire spør om hjelp når helsesjukepleiar er synleg i kvardagen.	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for ikkje tilstrekkeleg kapasitet 	

4. Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoar i kommunen sine selskap

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon, presenterer vi i denne seksjonen risikoar knytt til selskapa der kommunen har eigarskap. Vurderinga er gjort med særleg fokus på følgjande forhold:

- risiko for at selskapet ikkje driv i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,
- risiko for at selskapet ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.

I tillegg til ei konkret risikovurdering vil det også vere viktig å vurdere selskapa ut i frå kor vesentlege dei er for kommunen (vesentleganalyse). To overordna perspektiv kan leggjast til grunn for ei slik vurdering:

- fokus på brukarperspektivet/samfunnsnyttan
- fokus på økonomiske interesser for kommunen

På bakgrunn av desse forholda har revisjonen utleia følgjande kriterium for vesentleganalysen, som kan vere til hjelp når kontrollutvalet skal prioritere kva selskap som skal vere gjenstand for forvaltningsrevisjon:

1. selskap der det er avdekka moglege risikoforhold
2. selskap med berre offentleg eigarskap
3. selskap som har eit samfunnsmessig ansvar
4. selskap som har direkte tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar
5. selskap som leverer verksemdskritiske tenester til kommunen
6. selskap som er heileigd av kommunen
7. selskap der kommunen har omfattande eigarinteresser i tal aksjar (fleirtal) eller stor økonomisk del av aksjekapitalen
8. økonomisk gevinst/tapspotensiale for kommunen
9. etikk og omdøme

Bokn kommune har eigarinteresser i åtte selskap som er deleigd med kommunar og/eller fylkeskommunar og fem selskap som er deleigd med private eller statlege aktørar. Selskapa/samarbeida vil bli presentert i tabellar under. Informasjonen i tabellane er i hovudsak basert på opplysningar henta frå Bisnode Smartcheck, Proff, kvart enkelte selskap sine nettsider, oversendt dokumentasjon frå kommunen og informasjon som er kome fram i undersøkinga. Der det har kome fram opplysningar som tyder på at det er risiko knytt til eigarskapet eller drifta i selskapet, vil dette kommenterast. Det vil òg bli kommentert om det dei siste åra har blitt gjennomført selskapskontroll av selskapet, og – der det er relevant – om eventuelle kommunesamanslåingar blant andre eigarar har vesentlege konsekvensar for enten selskapet eller for eigarskapet til Bokn kommune.

Selskapa blir presentert i to tabellar. Den første inneheld selskap som kommer inn under kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Dette er aksjeselskap og interkommunale selskap som er heileigd av kommunen eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar. Desse selskapa har Bokn kommune full innsynsrett i og kan gjennomføre forvaltningsrevisjon og eigarskapskontrollar av.

Den andre tabellen inneheld oversikt over selskap der kommunen har eigarskap, men som ikkje kjem inn under innsynsretten etter kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Dette er ofte aksjeselskap med innslag av private eller statlege eigardeler eller samvirkeføretak. Kommunen kan likevel gjennomføre avgrensa forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar, t.d. med omsyn til i kva grad selskapet opptre i tråd med eigarane sin intensjon, om val og opplæring av styrerepresentantar skjer etter kommunen sine reglar og rutinar, om rapporteringa frå selskapet samsvarar med retningslinjer mv. Kontrollutvalet kan også be styret i eit selskap om å få fullt innsyn dersom det er ønskjeleg å gjere fullverdig forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll.

4.1 Selskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10

Haugaland vekst IKS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 9,09 %	Selskapet sitt føremål er å drive regionalt nærings- og utviklingsarbeid. Verksemda skal bidra til å auke samhandling, attraktivitet og verdiskaping i regionen.		
Nøkkelpunkt	Haugaland vekst er eigd av Bokn kommune og 10 andre kommunar som alle har 9,09 % eigardel kvar. Nøkkeltala viser at inntektene til selskapet har minka dei tre siste åra og at selskapet gjekk med eit lite underskot i 2019.		
<ul style="list-style-type: none"> • Omdøme • Delt offentleg eigarskap • Samfunnsansvar 	I Bokn sitt budsjett for 2020 står det at Haugaland Vekst IKS, ikkje fungerer som kommunalt næringsapparat lenger.		
	Selskapet har dotterselskapet Lufthavndrift AS (100 %) som fell under kommunelova §§ 23-6 og 24-10.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	9 880	6 347	6 588
Inntekter	13 230	15 647	16 892
Resultat før skatt	-62	366	234
Likviditet	3,1	1,93	2,09
Soliditet	67,98 %	48,26 %	52,51 %

Karmsund Havn IKS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 3,85 %	Selskapet sitt føremål er effektiv og sikker forvaltning av hamneverksemd på vegne av dei kommunar som er deltakarar, jf. selskapsavtala § 4, og ivareta disse kommunane sine oppgåver, rettar og forplikingar i samsvar med den til kvar tid gjeldande hamne- og farvatnlovgevinga. Selskapet skal arbeide for framtidretta og konkurransedyktig utvikling av sjøtransportsystemet for personar og gods, leggja til rette for sjøbasert næringsutvikling, medrekna naturleg tilhøyrande eigedomsutvikling, og leggja til rette for synergiar med landbasert næringsutvikling.		
Nøkkelpunkt	Haugesund kommune og Karmøy kommune er dei største eigarane med lik eigardel på 38,46 % kvar. Tysvær, Bømlo, Sveio og Bokn kommunar har og eigardel i selskapet. Rekneskapstala viser at selskapet har ein solid økonomi og at inntektene og eigenkapitalen er stigande.		
<ul style="list-style-type: none"> • Omdøme • Delt offentleg eigarskap • Vesentlege verdiar 	Karmsund Hamn har to heileigde dotterselskap, Karmsund Lufthavn Invest AS og Karmsund Havn Eiendom AS. Begge selskapa er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10.		
	I tillegg har selskapet eigardeler i Garpeskjær eigedom AS (50 %), Havnekraft AS (50 %) og Haugesund stevedoring AS (5 %) som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	191 023	153 612	145 483
Inntekter	139 159	99 558	93 687
Resultat før skatt	38 728	13 454	9 832
Likviditet	2,49	1,5	3,58
Soliditet	21,69 %	20,85 %	23,73 %

Haugaland næringspark AS

Selskapet sitt føremål

Eigardel: 2,1 %

Haugaland næringspark er Norges største ferdigregulerte næringsromdåe med tilgong til eigen hamn og djupvatnskai.

Nøkkelpunkt

Føremålet til selskapet er utvikling og sal av 5.000 dekar regulert næringsareal og tilhøyrande hamn lokalisert på Gismarvik i Tysvær kommune, primært for energi- og arealkrevjande industri og næringsverksemd. Selskapet sin eigedomsverksemd skal bidra til å sikre eksisterande og etablere nye arbeidsplassar, ved å leggja til rette for næringsssynergjar i hele regionen. Medrekna å kunne delta i føretak som driver tilsvarende verksemd i regionen.

- Omdøme
- Delt offentlig eigarskap
- Samfunnsansvar

Selskapet er eigd av Karmøy, Haugesund, Tysvær, Vindafjord og Bokn kommunar. Karmøy kommune er største aksjonær med 46,05 % av eigarskapet. Nøkkeltala viser at verksemda gjekk med underskot i 2017 og 2018, men at inntektene auka monaleg i 2019 og at selskapet då gjekk med overskot på 8,1 millionar.

Haugaland næringspark AS har dotterselskapet Gismarvik bygg AS (100%) som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	48 007	39 132	40 495
Inntekter	34 085	5 711	12 438
Resultat før skatt	8 117	-850	-1 032
Likviditet	16,78	3,5	1,9
Soliditet	21,96 %	18,81 %	20,29 %

Haugaland interkommunale Miljøverk IKS (HIM)

Selskapet sitt føremål

Eigardel: 1,7 %

Selskapet sitt føremål er å utføra kommunane sine oppgåver innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall og slam, og arbeidsoppgåver som høyrer naturleg saman med desse oppgåvene. Selskapet har oppgåver som kommunane etter lova kan overlate til selskapet innafor desse områda, og som skal betalast av renovasjons- og slangebyret.

Nøkkelpunkt

- Omdøme
- Samfunnsansvar
- Direkte tenestetilbod til innbyggjarane
- Delt offentlig eigarskap

Haugesund kommune er største eigar i HIM med 57,5 % av eigarskapet. Tysvær, Vindafjord, Etne og Bokn kommunar har og eigardelar i selskapet. Nøkkeltala for dei siste åra viser at selskapet gjekk med underskot i 2019 og det er indikasjonar på at likviditeten er noko låg i forhold til det tilrådde nivået (2).

Selskapet har det heileigde dotterselskapet HIM transport AS som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	20 395	22 084	22 026
Inntekter	111 678	107 643	104 998
Resultat før skatt	-1 530	71	1 906
Likviditet	1,53	1,59	1,43
Soliditet	21,79 %	22,92 %	21,54 %

Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS

Selskapet sitt føremål

Eigardel: 0,2 %

Interkommunalt Arkiv i Rogaland (IKA) er eit interkommunalt selskap, eigd av fylkeskommunen, 22 kommunar og to interkommunale selskap i Rogaland. Selskapet ble etablert 1. januar 1976 som det første interkommunale arkivet i landet.

Nøkkelpunkt

IKA er rådgjevingsorgan og arkivdepot for eigarane, og driv opplæring og kursing i rutinar knytt til både elektronisk og papirbasert dokumentflyt og arkiv.

- Omdøme
- Delt offentlig eigarskap
- Samfunnsansvar

I samråd med eigarane skal IKA bidra til forsvarleg ordning og oppbevaring av eldre og avslutta arkivmateriale, ein rasjonell og effektiv arkivdanning og bygge opp den arkivfaglege kompetansen i kommunane. Verksemda skal arbeide for at arkivmaterialet frå deltakarane eller materiale som disse har ansvar for, blir tatt vare på og gjort tilgjengeleg for offentlig bruk, forskning og andre administrative, juridiske og kulturelle formål, i samsvar med arkivlova.

Verksemda er eigd av fleire kommunar i Rogaland og dei kommunalt eigde selskapa Ivar IKS og Ryfylke Miljøverk IKS. Sandnes kommune er største eigar med 13,49 % av eigarskapet. Nøkkeltala viser at verksemda gjekk med underskot i 2017 og 2018 og at det er indikasjonar på at likviditeten i 2018 og 2019 er under det tilrådde nivået (2).

Det blei gjennomført ein selskapskontroll av selskapet i 2013.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	4 804	4 458	4 608
Inntekter	13 843	12 213	9 343
Resultat før skatt	346	-150	-605
Likviditet	1,26	1,24	2,82
Soliditet	21,8 %	21 %%	66,07 %%

Haugaland brann og redning IKS

Selskapet sitt føremål

Eigardel: 1,1 %

Selskapet sitt føremål er å dekke alle kommunane sine plikter, oppgåver og behov i samsvar med brann- og eksplosjonsvernlova sine krav til kommunane, medrekna: ulykke- og katastrofesituasjonar som brann, redning, drukning og akutt forureining, nødalarmtenester 110, feiing og tilsyn med fyringsanlegg, arbeide med førebyggjande tiltak mot brann og ulykker, søke å selje tenester knytt til førebyggjande og beredskapsrelaterte tenester, inngå samarbeidsavtaler med kommunar, andre selskap og verksemder. Selskapet kan ta på seg andre arbeidsoppgåver eigarane og selskapet måtte bli einige om.

Nøkkelpunkt

- Omdøme
- Delt offentlig eigarskap
- Samfunnsansvar
- Direkte tenestetilbod til innbyggjarane
- Etablert i 2017

Selskapet er eigd av totalt åtte kommunar på Haugalandet, kor Karmøy kommune er største eigar i eigarskapet. Nøkkeltala viser at verksemda gjekk med store underskot i 2019, men at eigenkapital og inntekter auka monaleg i 2019 og at verksemda gjekk med overskot. Samstundes er det indikasjonar på at likviditeten er noko låg i forhold til tilrådd nivå (2).

Det har vore ein del uro knytt til at Haugesund kommune vedtok å trekkje seg frå samarbeidet med verknad frå 2020. I intervju blir det peika på at tilsette har sagt opp som følgje av at dei ikkje blir høyrd. I media blei det i februar stilt spørsmål ved leiarskapen i selskapet.

Haugaland brann og redning IKS			
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	49 239	1 248	4 156
Inntekter	107 384	3 683	5 000
Resultat før skatt	8 660	-2 930	4 156
Likviditet	1,07	1,01	5,98
Soliditet	29,74 %	1,39 %	83,29 %

Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 0,75 %	Føremålet med selskapet er å tilby sekretariattjenester til kontrollutvalet i deltakarkommunane og nærliggjande kommunar.		
Nøkkelpunkt	Karmøy kommune er største eigar i selskapet med 35,79 % av aksjane. Åtte andre kommunar har også eigardel. Rekneskapstala viser at verksemda har hatt ein jamn økonomi dei siste tre åra.		
<ul style="list-style-type: none"> • Omdøme • Delt offentleg eigarskap • Samfunnsansvar 			
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	713	664	599
Inntekter	2 081	2 019	1 957
Resultat før skatt	49	65	31
Likviditet	3,31	3,3	3,07
Soliditet	70,59 %	70,34 %	68,15 %

Krisesenter vest IKS	
Selskapet sitt føremål Eigardel: 0,49 %	Selskapet skal, på vegner av eigarkommunane, sikre etterleving av krisesenterlova § 2 a), b) og c). Selskapet skal vere eit rådgivande organ for eigarkommunane i etterleving av lova § 2 d).
Nøkkelpunkt	Krisesenter vest er eigd av 17 kommunar kor Karmøy kommune er største eigar med 23,52 % av eigarskapet.
<ul style="list-style-type: none"> • Omdøme og etikk • Samfunnsansvar • Delt offentleg eigarskap 	Selskapet har ikkje rapportert inn rekneskap til Brønnøysund dei siste åra.
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	Ikkje tilgjengeleg

4.2 Selskap som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10

Bokn Tomteselskap AS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 47,61 %	Føremålet til selskapet er utvikling og sal av areal for bustadsbygging og næring samt anna som naturleg høyrer til dette. Selskapet si verksemd skal skje innanfor Bokn kommune sine kommunegrenser slik dei er i 2016. Overskot i selskapet skal i størst mogleg grad nyttast til utvikling av nye tomte- og bustadsprosjekt.		
Nøkkelpunkt	Bokn kommune er største eigar med 47,61 % av eigarskapet. Det er også fleire private aktørar med eigardel, mellom anna Mæland bygg AS og Askeland eiendomsutvikling AS. Rekneskapstala viser at Bokn tomteselskap har ein jamn eigenkapital, ingen inntekter og at verksemda har gått med små underskot dei siste åra.		
<ul style="list-style-type: none"> • Omdøme • Delt eigarskap med private aktørar 	Frå politisk hald blir det peika på at det har vore etterspurd meir informasjon og presentasjonar om Bokn tomteselskap, og at Bokn har ein vesentleg eigardel i selskapet.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	2 009	2 042	2 115
Inntekter	0	0	0
Resultat før skatt	-34	-40	-18
Likviditet	351,75	341,33	64,09
Soliditet	47,6 %	99,71 %	98,44 %

Haugalandmuseet AS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 4 %	Føremålet er å gje kunnskap og oppleving om historia frå fortid til samtid for innbyggjarar. Haugalandmuseet AS skal vere blant landets leiande kysthistoriske institusjonar.		
Nøkkelpunkt	Haugesund kommune og Karmøy kommune er dei største eigarane med høvesvis 28 % og 20 % av eigarskapet av eigarskapet. Fleire andre kommunar og private aktørar har også varierende eigardel.		
<ul style="list-style-type: none"> • Omdøme • Delt eigarskap med private aktørar • Samfunnsansvar • Direkte tenestetilbod til innbyggjarane 	Nøkkeltala viser at verksemda auka eigenkapitalen og inntektene monaleg mellom 2018 og 2019. Likviditeten var noko låg i forhold til tilrådd nivå (2) i 2019, men generelt sett ser det ut til at selskapet har ein solid økonomi.		
	Haugalandsmuseet AS har det heileigde dotterselskapet Karma AS som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	11 878	4 264	3 274
Inntekter	20 851	14 654	14 815
Resultat før skatt	51	-93	233
Likviditet	1,71	2,14	2,05
Soliditet	63,8 %	56,16 %	53,01 %

Musikkselskapet Nordvegen AS	
Selskapet sitt føremål Eigardel: 2,67 %	Selskapet skal fremje bruk av fagmusikarar ved å organisere eller arrangere konserter på dei forskjelligaste arenaer i regionen, i offentleg regi som konsertsalar og tilsvarande, samt skoler, institusjonar og liknande. Selskapet organiserer

Musikkselskapet Nordvegen AS

Nøkkelpunkt

også salg av musikkpedagogisk virksomhet og til en viss grad imøtekomes forespørsler fra det private om opptredener/konsertinnslag.

- Omdøme
- Delt eigarskap med private aktørar
- Direkte tenestetilbod til innbyggjarane

Haugesund kommune og Karmøy kommune er dei største eigarane med eigardelar på 26,67 % kvar. Fleire andre kommunar og to private aktørar har også eigardel. Nøkkeltala viser at verksemda har gått med underskot dei tre siste åra og at likviditeten er noko låg i forhold til tilrådd nivå (2).

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)

	2019	2018	2017
Eigenkapital	154	237	331
Inntekter	5 110	5 164	4 988
Resultat før skatt	-83	-94	-165
Likviditet	1,16	1,26	1,47
Soliditet	21,01 %	25,82 %	33,98 %

Destinasjon Haugesund & Haugalandet AS

Selskapet sitt føremål

Eigardel: 0,1 %

Føremålet til selskapet er å marknadsføre reiselivsbedrifter i regionen og andre aktivitetar som naturleg fell saman med dette, medrekna å delta i andre selskap med liknande verksemd, kjøp og sal av aksjar, eller på anna måte gjere seg interessert i andre føretak.

Nøkkelpunkt

- Omdøme
- Delt eigarskap med private aktørar

CSI Investering AS er største eigar med ein eigardel på 24,97 % av aksjane. Ei rekke kommunar og nokre private verksemdar har også eigardel. Nøkkeltala viser at verksemda gjekk med underskot i 2017 og 2018 men at økonomien elles ser ut til å vere solid.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)

	2019	2018	2017
Eigenkapital	1 482	1 482	1 495
Inntekter	7 897	7 728	7 621
Resultat før skatt	1	-73	-377
Likviditet	2,05	1,5	1,73
Soliditet	66,4 %	50,91 %	62,19 %

E134 Haukelivegen AS

Selskapet sitt føremål

Eigardel: 10 aksjar

Føremålet til verksemda er å arbeide for utbygging og standardheving av transportkorridoren E134 Karmøy-Frogn, RV36 Seljord-E18 og sambandet E134-Bergen. I tillegg kan selskapet arbeide for å fremje interessene til viktige sidegreiner til denne transportkorridoren når dette styrkar arbeidet.

Nøkkelpunkt

- Omdøme
- Delt eigarskap med private aktørar
- Samfunnsansvar

Selskapet er eigd av fleire fylkeskommunar, kommunar og private verksemdar. Nøkkeltala viser at verksemda gjekk med underskot i 2018, men at økonomien elles er solid.

E134 Haukelivegen AS			
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	3 572	3 505	3 700
Inntekter	1 499	1 214	2 603
Resultat før skatt	66	-195	1 129
Likviditet	18,09	13,26	13,76
Soliditet	94,47 %	92,46 %	92,73 %

4.3 Føretak, samarbeid og foreiningar

Kommunale føretak, interkommunale samarbeid, stiftingar og foreiningar er ikkje omfatta av regelverket om eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon i selskap. Kommunale føretak og kommunesamarbeid er omfatta av ordinær forvaltningsrevisjon. Vi har likevel laga ei samla liste under for ulike samarbeid/interesser til kommunen:

Interkommunale samarbeid:

- Felles landbrukskontor med Karmøy kommune
- Kjøp av jordmorsteneste fra Karmøy
- Samarbeidsavtale om tekniske tenester med Karmøy kommune
- Felles NAV-kontor med Karmøy kommune
- Samarbeidsavtale om barnevern med Karmøy kommune
- Samarbeidsavtale om PPT med Karmøy kommune
- Beredskapskoordinatorar samarbeid på Haugalandet
- Interkommunal legevaksordning med Haugesund
- Innkjøpssamarbeid på Haugalandet
- Haugalandspakken
- Haugaland skule arbeidsliv
- Nord-Rogaland og Sunnhordaland friluftsråd

Andre:

- Friluftsrådet vest
- Nettverk av petroleumskommunar

5. Eigarskapskontrollar – oversikt over identifiserte risikoområde

Basert på analysane og funna knytt til selskapa der Bokn kommune har eigarskap (kapittel 4), presenterer vi i dette kapittelet vurderingane av kor i Bokn kommune si eigarskapsforvaltning det er risiko for at kommunen ikkje utøver tilstrekkeleg kontroll med selskapa i samsvar med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing, både overordna sett og for enkelte selskap der kommunen har eigarinteresser.

Typiske risikoområde som blir undersøkt og vurdert i ein eigarskapskontroll inkluderer system og rutinar for oppfølging av eigarskap, rutinar for val av styrerepresentantar, opplæring av styrerepresentantar og rapportering til kommunestyret.

Dersom ein gjer forvaltningsrevisjon i eit selskap (sjå kap. 4) vil ein også kunne slå denne saman med ein eigarskapskontroll, ved å legge til desse problemstillingane i forvaltningsrevisjonen.

Det er kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere val av eigarskapskontroll i planen som blir lagt fram for kommunestyret.

Tabellen under viser identifiserte risikoområde/-selskap knytt til kommunen si eigarskapsforvaltning. Vi tar atterhald om at ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert.

Tabell 8: Identifiserte risikoområder knytt til kommunen si eigarskapsforvaltning

Område/selskap	Eigardel	Observasjonar	Risikoområde
Overordna eigarskapsforvaltning i kommunen	IA	<p>Kommunen skal etter ny kommunelov utarbeide eigarskapsmelding som vedtakast av kommunestyret minst ein gong i valperioden (§ 26-1).</p> <p>I samband med oversending av dokumentasjonen får revisjonen oversendt ei liste over selskap kommunen har eigardel i, og det kjem fram at Bokn kommune ikkje har eigarskapsmelding. Det blir vidare opplyst at eigarskapsmelding vil bli utarbeida i 2020</p> <p>Frå politisk hald blir det peika på at det kunne vore interessant å gjennomføre ein kontroll av kommunen sitt eigarskap i ulike selskap, og sett på korleis dette er organisert og korleis det fungerer i dag. Det blir vidare peika på at det kunne vore meir opplæring knytt til eigarskapsforvaltning.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar for oppfølging av eigarskap • Rutinar for val av styrerepresentantar • Opplæring av styrerepresentantar og • Rapportering til kommunestyret

6. Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn

6.1 Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskaps-/eigarskapskontrollar

6.1.1 Forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda

- Sjukefråvær innan skule og barnehage (2019)
- Rus og psykiatri (2019)
- Plan, byggesak og eigedom (2017)
- Post-/arkivhandtering
- Tilpasningar til samhandlingsreforma (2014)
- Økonomisk sosialhjelp (2013)

6.1.2 Forvaltningsrevisjon i selskap der Bokn i dag har eigarskap

- Selskapskontroll av Karmsund Hamn IKS (2018)
- Selskapskontroll av Haugaland kraft AS og Haugaland næringspark AS (2015)
- Selskapskontroll av Interkommunalt arkiv i Rogland (2013)

6.1.3 Eigarskapskontroll

Fleire av selskapskontrollane nemnt over, omfatta også eigarskapskontroll.

6.2 Tilsyn

Fylkesmannen har gjennomført fleire tilsyn med Bokn kommune dei siste åra.

- Tilsyn med fokus på arkivorganisering og elektronisk arkivdanning, mellom anna arkivplan, journalføring og fagsystem (Arkivverket, 2020)
- Tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap (2018)
- Bokn kommune avslutning av sjølvmeldingstilsyn (2015)
- Tilsyn med Bokn bufellesskap (2014)

Fylkesmannen hadde planlagt å gjennomføre tilsyn etter opplæringslova i mars-april 2020. Tilsynet blei avlyst som følge av Koronapandemien, og per august 2020 er det ikkje lagt ut ny dato for tilsynet på fylkesmannen sine nettsider.

7. Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar

På bakgrunn av dei analysar og risikovurderingar som er gjennomførte, er det identifisert fleire område som etter Deloitte si vurdering kan representere høg risiko, og kor kontrollutvalet bør vurdere å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar i Bokn kommune.

Forslaget dannar grunnlag for prioriteringa som kontrollutvalet skal gjere. Kontrollutvalet står fritt til å leggje til og endre på prosjekta som er skissert under.

7.1 Forvaltningsrevisjon

7.1.1 Prosjekt som er kategorisert som høg risiko (raude)

Tabell 9: Raude prosjekt

Prosjekt	Tema
• Forvaltningsrevisjon av sjukefråværsoppfølging og IA-arbeid	<i>Oppfølging av sjukefråvær System, planar og rutinar Opplæring</i>
• Forvaltningsrevisjon av internkontroll	<i>Mål og resultatstyring System og rutinar Kvalitetssystem Avvikssystem Kompetanse</i>
• Forvaltningsrevisjon av sakshandsaming og vedtaksoppfølging	<i>System og rutinar Rapportering</i>
• Forvaltningsrevisjon av digitalisering	<i>Planlegging Risikovurderingar</i>
• Forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik	<i>System og rutinar Kompetanse Risikovurderingar</i>
• Forvaltningsrevisjon av innkjøp	<i>Regeletterleving Kompetanse Bruk av rammeavtalar</i>
• Forvaltningsrevisjon av investeringar	<i>Etterleving av regelverket om offentlege anskaffingar Kontrakt- og leverandøroppfølging Budsjettering Rapportering</i>
• Forvaltningsrevisjon av økonomistyring og budsjettering	<i>System og rutinar Rapportering</i>
• Forvaltningsrevisjon av kvalitet i grunnskulen	<i>System Samhandling og samarbeid Kompetanse Tidleg innsats</i>
• Forvaltningsrevisjon av sosiale tenester i NAV	<i>Tilrettelegging for dei svakaste Rettleiing Kostander</i>
• Forvaltningsrevisjon av Bokn arena	<i>Drift Styring Samhandling</i>
• Forvaltningsrevisjon av pleie og omsorg	<i>Internkontroll Kostnader</i>

	<i>Kvalitet i tenesta</i> <i>Beredskap</i>
• Forvaltningsrevisjon av ergoterapeut	<i>Kapasitet</i> <i>Tilbod</i>

7.1.2 Andre prosjekt (gule)

Tabell 10: Gule prosjekter

Prosjekt
• Forvaltningsrevisjon av arkiv
• Forvaltningsrevisjon av beredskap
• Forvaltningsrevisjon av trygt og godt skulemiljø
• Forvaltningsrevisjon av kvalitet i barnehagen
• Forvaltningsrevisjon av kultur
• Forvaltningsrevisjon av barnevern
• Forvaltningsrevisjon av byggesak og arealplanar
• Forvaltningsrevisjon av helse og rusomsorg
• Forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste
• Forvaltningsrevisjon av Haugaland Vekst IKS

7.2 Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll kan inngå som ein del av ein forvaltningsrevisjon av selskap (sjå førre liste), eller den kan gjennomførast som eigne prosjekt der fokuset berre er på kommunen si eigarskapsforvaltning av eit eller fleire selskap.

Tabell 11: Aktuelle prosjekt

Prosjekt	Tema
• Eigarskapsforvaltning (overordna)	<ul style="list-style-type: none"> • <i>System og rutinar for oppfølging av eigarskapa</i> <ul style="list-style-type: none"> ○ <i>Eigarmelding</i> ○ <i>Eigarstrategi</i> ○ <i>Eigaroppfølging</i> • <i>Rutinar for val av styrerepresentantar</i> • <i>Opplæring av styrerepresentantar</i> • <i>Rapportering til kommunen</i>

Deloitte.

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2020 Deloitte AS